14

**OSTERØY KOMMUNE**
**Plan- utvikling og kultur**

OSTERØY KOMMUNE
Post/arkiv
Journ.nr.:
03. JUN. 2008
Saksbeh.
Kopi:

Mottakarane

| Dykkar ref.: | Vår ref.: | Arkiv: | Lonevåg |
|---|---|---|---|
| | 07/2200-7 HADY<br>08/7237 | N-504 | 07.05.2008 |

# OPPSUMMERING FRÅ MØTE OM STEINKNUSEVERKET PÅ VEVLETVEIT

**Tid:** **24.04.2008**
**Stad:** **Rådhuset, Lonevåg**
**Deltakarar:** **John Olav Hisdal, Fylkesmannen i Hordaland, Miljøvernavdelinga**
**Roger Hartveit**
**Edvard Bolstad, Osterøy Kommune**
**Hanne Dybwik, Osterøy Kommune**

I kommunedelplan for Hauge ligg det eit plankrav for området der det drives steinknuseverk. I føresegnene står det om området: "Vidare arbeid og tiltak kan ikkje finna stad før området inngår i reguleringsplan". Det faste utvalet for plansaker vedtok 31.10.07 å gje løyve til oppstart av reguleringsarbeid i området. Etter oppstartsvedtaket har det, på tross av plankravet, ikkje vore framdrift i planarbeidet.

Det vert understreka at dersom det ikkje vert fortgang i planarbeidet vil rådmannen gjere framlegg til vedtak om stans i drifta av steinknuseverket. Framdrifta i planarbeidet må difor vere i fokus, og ein bør kunne ha som mål å ha eit planframlegg til utlegging i laupet av 2008.

I samband med endring av eksisterande utslippsløyve for steinknuseverket på Vevletveit har fylkesmannen si miljøvernavdeling bedt om skriftleg utgreiing vedrørande fleire tilhøve (jf. brev datert 29.06.2007). Fristen for å gje desse opplysningane vart sett til 01.10.2007. Roger Hartveit søkte 05.11.2007 om å få utsett denne fristen, på grunn av at mange av dei opplysningane som vart etterspurd skulle utredast i samband med regulering av steinknuseverket. Fylkesmannen si miljøvernavdeling sette i brev datert 17.12.2007ny frist for innlevering av opplysningane til 01.04.2008.

Pr 24.04.2008 har det ikkje vore framdrift i planarbeidet og dei etterspurde opplysningane er ikkje tilsendt fylkesmannen.

**Ny frist for å sende inn planforslag og for innsending av dei etterspurde opplysningane til fylkesmannen si miljøvernavdeling vert sett til 01.12.2008.**

| Postadresse: | | E-post: | Sakshandsamar: |
|---|---|---|---|
| 5282 LONEVÅG | Tlf: 56 19 21 00 | post@osteroy.kommune.no | Hanne Dybwik |
| Org.nr. 864.338.712 | Faks:56 19 21 01 | | Tlf: 5619 2248 |

Med helsing

Hanne Dybwik
Kommuneplanleggjar

Referat godkjend av

John Olav Hisdal
Senioringeniør
Fylkesmannen i Hordaland
Miljøvernavdelinga

Postadresse:
5282 LONEVÅG Tlf: 56 19 21 00
Org.nr. 864.338.712 Faks:56 19 21 01

E-post:
post@osteroy.kommune.no

Sakshandsamar:
Hanne Dybwik
Tlf: 5619 2248